

Brytingstid for vindkrafta. Del 2

Utbygginga av vindkraft har hatt sterk politisk medvind i Noreg, og det er så langt gjeve konsesjon til over 80 vindkraftprosjekt på land. Samstundes aukar motstanden frå både lokalmiljø, naturvernarar og statlege og regionale kontrollorgan.

Dag og Tid ser i ein serie artiklar nærare på den norske vindkraftsatsinga og brytingstida ho er i no.

Artikkelserien har fått støtte frå Fritt Ord.

Europeiske land strammar inn

Aukande motstand mot vindkraftverk har ført til at europeiske land strammar inn vindkraftreguleringar og konsesjonsvilkår. Enkelte land har frå før strengare reglar enn Noreg.

VINDKRAFT

EVA AALBERG UNDHEIM
eva@dagogtid.no

– Vi er for Energiwende (Tysklands grøne skifte red.merk.), men vi ønsker at det skal kome delstaten til gode, ikkje vere til skade, slik som no, seier Heiko Böhringer.

Han er ein av talspersonane for det politiske partiet Freier Horizont i Mecklenburg-Vorpommern, nordaust i Tyskland.

Partiet er ein allianse av meir enn 50 lokale borgarinitiativ mot vindkraft rundt om i delstaten og vart formelt skipa i 2016 som ein reaksjon på det dei meiner er ei ukontrollert utbygging av vindkraft, til skade for både natur- og artsmangfald, landskap og folkehelse.

Nærleiken til kysten og store opne landskap gjer Mecklenburg-Vorpommern godt eigna for vindkraft, og ved utgangen av 2019 var det sett opp totalt 1942 vindturbinar på land, ifølgje vindenergi-foreininga i delstaten. Langt fleire turbinar er planlagde, men slik vert det ikkje nødvendigvis om Freier Horizont får det som dei vil.

Partiet fekk nær ein prosent av røystene i delstatsvalet same år som det vart skipa, men hadde i nokre område ein oppslutnad på rundt ti prosent, ifølgje den landsdekkjande radiokanalen Deutschlandfunk Kultur. Etter lokalvalet i fjor har partiet vore representert i fire av seks distriktsstyre i delstaten.

Böhringer, som sjølv sit i byrådet i Ludwigslust og distriktsstyret i Ludwigslust-Parchim, vest i delstaten, seier Freier Horizont har medverka til at halvparten av distrikta har gått inn for å stogge vindkraftutbygginga i sine område fram til 2021, når dei regionale arealplanane skal reviderast.

VINDKRAFTSATSING

■ Både Noreg og andre europeiske land har mål om å byggje ut meir vindkraft for å nå klimamåla.

■ Samstundes opplever fleire land at protestane mot vindkraftutbygginga aukar i styrke.

■ Den norske regjeringa har varsla ei stortingsmelding om vindkraft innan sommaren. Målet er å betre og stramme inn konsesjonssystemet for vindkraft.

■ Dag og Tid har sett på kva vindkraftreguleringar og konsesjonsvilkår som gjeld i andre europeiske land.

Eit fjerde distrikt kan kome til å gjere liknande vedtak snart.

Samla har talet på nye vindkraftverk på land i Mecklenburg-Vorpommern vorte redusert år for år sidan 2015, som følgje av den stadig sterkare motstanden i folket.

STOPPAR VINDKRAFTVERK

Det er med andre ord ikkje berre norsk vindkraft som er i motvind for tida, samstundes som det skal byggjast ut meir.

Elles i Tyskland, så vel som i andre europeiske land, har protestane og auka i styrke dei siste åra.

Ifølgje energinyhendettsida Clean Energy Wire var det i fjor over 660 aktive tyske innbyggjarinitiativ mot vindkraftprosjekt, og utbygginga har bremsa kraftig. Dei fyrste ni månadene av 2019 vart det sett opp 150 nye turbinar i Tyskland, noko som ifølgje Financial Times er 80 prosent under gjennomsnittleg byggjefrekvens dei siste fem åra og den lågaste kapasitetsauken på to tiår.

Tyskland er like fullt EUs desidert største vindkraftproducent, og vindkraft dekkjer i dag rundt 26 prosent av kraftbehovet

i landet, ifølgje foreininga Wind Europe.

På den irske landsbygda var det alt i 2014 danna meir enn 100 protestgrupper mot vindkraft, ifølgje BBC, og i Danmark har fleire kommunar innført vindturbinestopp som følgje av den folkelege motstanden. I Sverige har kommunalt veto stoppa over 350 vindkraftverk, ifølgje avisa Dagens Samhälle.

I Frankrike, som er EUs fjerde største vindkraftproducent, har vindkraftmotstandarar både øydelagt vindturbinar og klart å stoppe fleire vindkraftverk gjennom søksmål. Og motstanden vert meir og meir samansett. I tillegg til lokalbefolkning og aktivistar som fryktar at vindkraftverka kjem til å øydeleggje landskapet og redusere verdien av heimane deira med støy og skuggekast, inkluderer den franske motstanden no alt «frå borgarlege menneske til militante venstreorienterte, anarkistar, fiskarar og rike grunneigarar», ifølgje avisa Le Figaro.

– Vi er for Energiwende, men vi ønsker at det skal kome delstaten til gode, ikkje vere til skade.

Heiko Böhringer, Freier Horizont

SPÅR TREDOBLING

Ved utgangen av 2019 var det installert meir enn 100.000 vindturbinar med ein samla effekt på 205 gigawatt i Europa. 183 gigawatt på land og 22 gigawatt offshore, ifølgje Wind Europe.

Meir kjem det til å verte når EU skal kutte minst 40 prosent av

CO2-utsleppa jamført med 1990 og auke delen fornybar energi til 32 prosent innan 2030.

Ifølgje World Energy Outlook-rapporten frå Det internasjonale energibyrået i 2018, kjem vindenergi til å overta for kol, kjernekraft og gass og verte EUs største energikjelde innan 2027. Energibyrået har òg anslått at vindkraftproduksjonen kjem til å verte meir enn tredobla innan 2040.

For å få til det vert det i enkelte land no diskutert og gjort innstrammingar i vindkraftreguleringar og konsesjonsvilkår for å kome protestane i møte – slik den norske regjeringa òg har varsla at dei vil gjere i ei stortingsmelding som skal leggjast fram innan sommaren. Det syner informasjon Dag og Tid har henta inn frå vindkraftstyresmaktene i sju europeiske land.

vert påførte verditap som følgje av turbinane. Det fortel Ture Falbe-Hansen, som er pressesjef i den danske Energistyrelsen. Lovforslaget inneber òg ein bonus på rundt 5000 danske kroner i året til alle naboar som bur nærare turbinar enn åtte gonger turbinhøgda.

I Irland er det foreslege å innføre ei avstandsgrense på minimum fire gonger turbinhøgda mellom turbinar og bustader og ei tilrådd støygrense mot bustadhus på maks 43 desibel. Det kan òg verte sett krav om å involvere lokalsamfunn meir i planlegginga av vindkraftprosjekt og krav til at utbyggjarar skal setje opp eigne samfunnsstønadsfond for å sikre at vindkraftverk skal kome lokalsamfunna til gode. Det går fram av nye vindkraftretningslinjer som nyleg har vore på høyring.

I Tyskland er det foreslege å innføre ein nasjonal regel om at ingen nye vindturbinar skal setjast opp nærare bustadhus enn ein kilometer, men denne avstandsreguleringa er framleis til diskusjon i regjeringa og i den tyske forbundsdagen. Det fortel Christopher Stolzenberg i presseavdelinga i Forbundsdepartementet for miljø, naturvern og kjernefysisk tryggleik.

VETORETT

Andre land og område har frå før strengare reguleringar og vilkår på enkelte område enn både Tyskland og Noreg har.

Danmark har til dømes alt i dag ei verditapsordning som sikrar naboar erstatning for eventuelt verditap eit vindkraftanlegg medfører, og det er bindande støygrenser mot bustadhus og krav om at avstanden mellom turbinar og bustader skal vere minst fire





Byen Friedland aust i Mecklenburg-Vorpommern har fått sin del av dei nær 2000 vindturbinane som så langt er sette opp i den tyske delstaten. Foto: Freier Horizont

gonger turbinhøgda. Inntil for nokre månader sidan hadde danskane òg høgderestriksjonar som innebar at vindturbinar på land ikkje kunne vere over 150 meter høge.

Dei høgaste turbinane i Noreg i dag er over 200 meter, og i Tyskland vart det i 2017 sett opp ein turbin på 246,5 meter, som då var verdas høgaste vindturbin på land. Noreg har i dag, slik Dag og Tid skreiv førre veke, heller ikkje bindande støygrensar eller avstandskrav mot bustader.

Det er heller ikkje berre i Sverige kommunane har veto-rett i spørsmål om vindkraft. Det har dei òg i Sveits, ifølgje Det sveitsiske forbundskontoret for energi, i departementet for miljø, transport, energi og kommunikasjon. Sverige tek heller ikkje i bruk ekspropriasjon i vindkraftsaker, ifølgje Naturvårdsverket.

I Finland må vindkraftutbygging vere i tråd med kommunale reguleringsplanar. Nokre finske kommunar har òg innført krav om minimumsavstand mellom vindturbinar og bustadhus. Det fortel Sanna Jylhä, som er seniorspesialist i det finske miljødepartementet.

Øg sjølv om Tyskland framleis ikkje har nasjonale reglar for minimumsavstand mellom vindturbinar og bustadhus, har delstaten Bayern heilt sidan 2014 stilt krav om at ingen vindturbinar skal ligge nærare bustadhus enn ti gonger turbinhøgda. Det vil seie ein avstand på rundt to kilometer og betyr i praksis at det kan byggjast svært få nye vindturbinar i delstaten.

VIL HA STUDIAR

I Mecklenburg-Vorpommern finst det ikkje egne avstandsreglar

eller høgderestriksjonar for vindturbinar. Det seier Eva Klaußner-Ziebarth, som er presseansvarleg ved landbruks- og miljødepartementet i delstaten.

Ifølgje bygningsloven bør det derimot vere 800 meter til næraste bustadhus i spreiddbygde strøk og 1000 meter i tettbygde strøk, ifølgje Böhlinger i Freier Horizont. Men det vert gjort unntak frå lova.

Kringkastingselskapet BR24 skriv om innbyggjarar i tettstaden Rakow nord i delstaten som bur mindre enn 500 meter frå eit vindkraftanlegg og slit med støy, skuggekast og blinkande lys om natta.

Jens Pörksen, som òg er medlem av Freier Horizont og frå borgarinitiativet «Es reicht!» i byen Demmin aust i delstaten, fortel om testanlegg som har fått løyve til å setjast opp 600 meter frå bustadhus.

Freier Horizont ønskjer ei avstandsgrense som den i Bayern, ti gonger turbinhøgda. I tillegg meiner partiet at vindkraftutbygginga må setjast på pause til det er gjennomført uavhengige studiar av både økonomien i utbygginga og konsekvensar for helse og miljø lokalt.

Nokre vindkraftmotstandarar vil gå lenger og både stoppe nye utbyggingar og fjerne nokre av vindturbinane som alt er etablerte.

Heinz Timm i borgarinitiativet Penkun aust i delstaten meiner nokre av vindkraftverka kan vere direkte helseskadelege. Han er allmennlege og gjorde nyleg ei helseundersøking av 25 personar som bur ein dryg kilometer frå eit vindkraftanlegg i delstaten Brandenburg. Minst ein tredjedel av dei 25 hadde plager og sjukdomar – som kronisk søvnforstyring, utmatting,

konsentrasjonsproblem, rastløyse og angstlidningar – som Timm meiner nesten heilt sikkert kjem av vindturbinane.

«URETTVISA I SYSTEMET»

Då dei fyrste turbinane i Mecklenburg-Vorpommern vart sette i drift frå 1989, var det få som var kritiske. Utover 1990-åra og i 2000-åra vart det derimot installert stadig fleire turbinar, fyrst ved kysten, deretter innover i landet, og storleiken på turbinane auka, frå å rage 80 meter over bakken tidleg i 1990-åra, til å vere på rundt 260 meter i dag.

Motstanden byrja å syne seg tidleg i 2010-åra, då turbinane nærma seg 200 meter og vart synlege «nesten overalt i delstaten», ifølgje Böhlinger.

Dag og Tid har vore i kontakt med fem ulike tyske lokale borgarinitiativ mot vindkraft. Dei grunnjev motstanden med at vindkraftutbygginga øydelegg natur og landskap, skader artsmangfaldet og fører til verditap og forringing av bustad og nærmiljø for folk som bur i nærleiken av vindkraftanlegga. Helseplager som følgjer av støy, skuggekast og blinkande lys frå vindturbinane vert òg nemnt.

Det dei reagerer mest på, er likevel det dei omtalar som «den sosiale urettvisa i systemet»: at innbyggjarane har alle ulempene med vindkraftutbygginga, medan utviklarane og eigarane av vindkraftverka får alle fordelane.

Produsentane av fornybar energi har gode vilkår i Tyskland, gjennom eit lovverk som har sikra dei tilgang til kraftnettet og ein fast pris per produsert kilowatttime, uansett om det er behov for og plass til straumen i nettet eller ikkje. Kostnaden er det

forbrukarane som får, gjennom eit påslag på straumrekninga. Om det vert produsert for mykje eller krafta vert seld billigare enn den faste prisen produsentane har krav på, må privatkundane kompensere for det gjennom straumrekninga. Berre i fjor fekk tyske straumkundar ei ekstrarekning på 30 milliardar euro, ifølgje Böhlinger.

– For eit hushald på tre personar, utgjør det rundt 400 euro i påslag på straumrekninga, seier han.

Ved utgangen av 2019 hadde Tyskland Europas dyraste straumprisar for privatkundar, ifølgje avisa Die Welt.

Vindkrafta har heller ikkje gjort det mogleg for Tyskland å fase ut kolkrafta, argumenterer borgarinitiativa.

– Vind- og solenergi er ustabile energikjelder og ikkje eigna til å dekkje kontinuerleg etterspurnad, sidan det ikkje finst gode måtar å lagre energien på. Difor treng vi framleis konvensjonelle kraftverk i tillegg. Dei må no gå i stand by-modus og brukar store mengder energi, seier Pörksen.

OVERPRODUKSJONSFRYKT

Mecklenburg-Vorpommern produserte alt i 2013 meir fornybar kraft enn delstaten sjølv brukte. Den stadige auken i produksjonskapasitet kjem av eit politisk mål om eksport og at delstaten innan 2025 skal kunne produsere i alt 12 terawattimmar frå vindkraft på land. Det er til jamføring meir enn dobbelt så mykje som den samla vindkraftproduksjonen i Noreg i dag.

Områda som er sette av til vindkraftproduksjon i Mecklenburg-Vorpommern så langt, gjer det derimot mogleg å produsere det dobbelte, ifølgje Böhlinger og

Pörksen. Begge fryktar overproduksjon i og med at straumnettet berre er dimensjonert for 12 terawattimmar.

– Det som då skjer, er at vindkraftoperatørane må stogge produksjonen, men dei kjem likevel til å få betalt som om dei produserer for fullt, seier Böhlinger.

EIGDE UTANFRÅ

Til liks med i Noreg er det i Mecklenburg-Vorpommern liten grad av lokalt eller regionalt eigarskap til vindkraftproduksjonen. Dei fleste vindkraftverka er eigde av investorar og energiselskap utanfrå, anten det er australske og japanske investorar, eller aksjeselskap, straum- og gassleverandørar frå andre delstatar.

I 2017 prøvde delstatsregjeringa å bøte på dette ved å vedta ein borgardeltakingslov. Den inneber at dei som bur i ein radius på fem kilometer frå vindturbinane, skal ha høve til å kjøpe 20 prosent av aksjane i vindkraftverket. Loven har derimot ikkje hatt stor effekt, ifølgje Böhlinger og Pörksen.

– Eg veit ikkje om nokon tilfelle der lova er brukt, seier Pörksen.

– Mecklenburg-Vorpommern er ein av dei vakraste delstatane i Tyskland, men det er også ein av dei fattigaste. Folk her har ikkje pengar til å investere i vindkraft, seier Böhlinger.

Dei har likevel tru på at protestane mot vindkraft kjem til å føre til større endringar.

– Vindkraftmotstanden har no brei støtte i folket, og han veks framleis. Eg kjenner ikkje mange som støttar vindkraft. Dei fleste av dei som gjer det, bur i byar og har ikkje vindturbinane tett på, seier Pörksen.